

Sak 1: Framlegg til forretningsorden

Framleggsstillar: Fylkesstyret i Vestland SV

a) Talerett, møterett m.m.

- Utsendingar frå lokallaga, fylkesstyret og Vestland SU har fulle rettar på årsmøtet (tale-, framleggs- og røysterett). Fylkesstyret har ikkje røysterett i saker som gjeld rekneskap.
- Alle lokallag har 1 utsending. Laga får deretter 1 utsending for kvar påbyrja 30 medlemmer. Det sentrale medlemsregisteret til SV den 31.12 året før fylkesårsmøtet vert lagt til grunn for utrekninga. Ingen lag kan likevel ha meir enn 40 % av det samla talet på moglege delegatar frå lokallaga.
- Vestland Sosialistisk Ungdom kan møte med inntil 10 representantar med fulle rettar.
- Fylkesårsmøtet er elles ope for alle medlemmer i fylkespartiet. Fylkesårsmøtet kan i kvart enkelt høve tildele talerett.
- Utsendingar som forlét møtet må søkje om permisjon. Har ein vara må ein gje namnet på denne.

b) Framlegg og framleggsfristar

- Frist for framlegg til endring av vedtektene var 26. januar.
- Frist for innlevering av framlegg til fråsegner var 31. januar. Før fråsegnordskiftet blir det røysta over kva fråsegner fylkesårsmøtet ynskjer å handsame.
- Frist for å endringsframlegg til arbeidsplan, opplegg for nominasjonsarbeidet, budsjett og fråsegner er når sakene er avslutta i salen.
- Frist for framlegg til val er ved møteslutt laurdag.
- Alle framlegg på årsmøtet skal leverast i GoPlenum.
- Framlegg i andre saker om til dømes forretningsorden og konstituering må fremjast i det saka er oppe til handsaming.
- For at ei ny sak skal kunne handsamast på årsmøtet må 2/3 av delegatane vere samd i at den skal handsamast.

c) Innlegg og taletid

- Møtedeltakarane ber om innlegg via GoPlenum.
- Under alle punkt på dagsorden har møtedeltakarane med talerett rett på to innlegg, eit innlegg på inntil 3 min. (1. innlegg) og 2 min. (2. innlegg). Det vert

også opna for ein replikk, og ein svarreplikk per innlegg, på maksimalt 1 minutt kvar. Alle som ikkje har norsk som morsmål, kan be om 1 minutt ekstra.

d) Røysting

- Framlegg må ha simpelt fleirtal for å verta vedtekne. Når eit framlegg når meir enn simpelt fleirtal kan røystinga avslutte. Ordstyrar vurderer om røysting kan skje fysisk eller via GoPlenum. Det er eigne røystereglar for vedtekter.
- Om det i personval blir likt røystetal blir det røysta ein gong til. Deretter vert det loddtrekking om det framleis er likt røystetal.
- Ved personval skal det vere hemmeleg røysting dersom ein av utsendingane / røysteføre krev det.